



Vestlandshus Mjelde AS
Mjeldalen
5286 HAUS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2387 - 14/16864

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

14.07.2014

Dispensasjon og løyve til oppføring av bustad med garasje og tilhøyrande anlegg - gbnr 137/645 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 182/14

Tiltakshavar: Eivind Sjursen og Linda Hugvik
Ansvarleg s kjar: Vestlandshus Mjelde AS
S knadstype: S knad om l yve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld s knad om oppf ring av bustad med garasje med bruksareal (BRA) opplyst til   vere ca. 292 m² og bygd areal (BYA) ca. 292 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 34,6 % BYA.

S knaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og st ttemurar, samt opparbeiding av avkj rsle, interne vegar og parkering.

Saka omfattar s knad om dispensasjon fr  regulert byggegrense i reguleringsplan for etablering av oppkj rsel med mur, samt fr  reguleringsplanen n r det gjeld husplassering og utnyttingsgrad.

Det vert elles vist til s knad motteke 12.03.2014 og supplert 29.04.2014.

Sakshandsamingsfrist

S knaden var ikkje komplett n r den var mottatt. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg s kjar ved brev av 27.03.2014. Dokumentasjon vart motteke ved brev fr  ansvarleg s kjar 29.04.2014.

Ansvarleg s kjar og andre involverte f retak m  registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for   unng  gjentaking.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalst 

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.04.2014. Då søknaden gjeld dispensasjon frå gjeldande plangrunnlag er det ikkje lovpålagt frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Ikenberget delar av Alver Utmark gnr 137 er regulert til bustad.

Reguleringsplanen viser plassering av bustad, hustype og kotehøgde for U.etg og 1.etg.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå regulert byggegrense mot kommunal veg for etablering av oppkjørsel med mur. Tiltaket krev og dispensasjon frå reguleringsplanen når det gjeld utnyttingsgrad og illustrasjonsplanen når det gjeld plassering og storleik av bustad.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving:

Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg:

Begrunnelse:

Tomtens beskaffenhet gjør det nødvendig å legge huset et stykke opp i tomten. Huset må også opp i tomten for å havne på linje med nabobebyggelsen og for utsikten sin del. Den nordlige plasseringen av tiltaket/eneboligen er mest hensiktsmessig som følge av tomtens topografiske forhold og reguleringsbestemmelsene i området (kotehøyde, byggegrense, etc.). Ettersom tiltaket planlegges oppført i henhold til den regulerte/ønskede kotehøyden kreves det en relativt lang vei for å oppnå et gunstig lengde/høyde forhold. Dermed vil adkomstveien oppta en betydelig del av tomtearealet, og det vil være problematisk å oppnå tilstrekkelig areal for snuplass og parkeringsplass dersom adkomstveien oppføres innenfor byggegrensen. Den planlagte traseen for adkomstveien er også et naturlig valg ettersom konturlinjene illustrerer et lengde/høydeforhold som begunstiger denne plasseringen, og som derfor reduserer terrenginngrepet.

Søknad om dispensasjon frå utnyttingsgrad og plassering/storleik:

Det omsøkte prosjektet har tilnærmet lik plassering. Når tomtens beskaffenhet er vurdert ser vi det slik at garasjen må ligge i vest og dermed må boligen trekkes lengre mot øst.

Det omsøkte prosjektet har tilnærmet lik størrelse. Illustrasjonsplanen viser et hus på ca 120m2 grunnflate uten garasje. Det er dermed fornuftig å tenke seg at et hus og garasje på tilsammen rundt 170m2 ville kunne godkjennes etter planen.

Vårt hus er på 185m2 inkl. dobbel garasje.

Vi kan ikke se at hensynet bak bestemmelsen eller lovens formålsbestemmelse tilsidesettes.

Illustrasjonsplanen viser en fornuftig plassering og størrelse ut fra de vurderinger som ble gjort ved utarbeiding av planen på det tidspunkt denne ble laget. Vår ønskede plassering og størrelse er tilnærmet den samme, men justert ut fra en samlet vurdering av tomten. Vi må også ta med i betraktningen at på det tidspunkt planen ble laget var vanlig praksis å tillate slike endringer.

Fordelene ved å gi dispensasjon er klart større enn å avslå etter samlet vurdering.

Ved å gi dispensasjon kan tiltakshaver bygge hus og garasje godt tilpasset tomten. Tiltakshaver har brukt landskapsarkitektur til hjelp i utformingen og har funnet den ideelle plasseringen ut fra hensynet å tilpasse utbyggingen til tomten og ikke omvendt. Ved et evt. avslag blir tiltakshaver nødt til å bygge ut tomten på en betydelig dårligere måte. Det blir vanskelig å få til tilkomst, gårds plass og garasjeplassering uten store inngrep i tomten.

Uttale

I samband med søknad om dispensasjon for plassering av oppkjørsle/mur i strid med byggegrensa mot kommunal veg, har Teknisk drift gjeve uttale:

Teknisk drift har motteke, til uttale, søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg – gbnr 137/645 Alver. Teknisk drift vil gje dispensasjon frå byggegrense mot veg på følgjande vilkår:

- *Minste avstand mellom ytterkant tiltak (mur) og grense mot veg skal være minimum 1,2m.*
- *Mur skal være forsvarleg fundamentert på fast fjell.*
- *Mur skal være plassert slik at den ikkje kjem i konflikt med siktzone til eigen avkjørsle og avkjørsle på gbnr 137/583.*

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteke 12.03.2014.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 2 meter frå terrasse mot nabogrense i nord. Eigar av gbnr. 137/579 har i dokument datert 06.05.2013 samtykka til at tiltaket kan plasserast minimum 2meter frå nabogrensa.

Tiltaket er plassert i strid med regulert byggegrense i plan.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 1,24 meter. Vegstyresmakta har i uttale sett vilkår om at avstand mellom ytterkant mur og grense mot kommunal veg skal vere 1,2 meter.

Det er søkt om topp golv på kote ca. 22,5 og mønehøgde på kote ca. 30, 5.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vass- og avløpsanlegg. Søknad om tilkopling er sendt inn.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkjørsle til offentleg veg er godkjent av vegstyresmakta i vedtak datert 26.03.2014.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteopphaldsareal, gangtilkomst, parkering/garasjeplassering og avkjørsle.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har ansvarleg søker opplyst at:

Huset som byggemeldes har tradisjonell stil med valmet tak. Det er flere hus på nabotomtene som har denne formen.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5. Tiltaket har krav til utforming som tilgjengeleg bueining.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Dispensasjon frå regulert byggegrense i reguleringsplan for plassering av mur/oppkjørsel:

I dispensasjonssøknaden er det vist til det på grunn av tomta si utforming og krav til kotehøgde for plassering av bustad m.v. gjer det vanskeleg å anlegge atkomstveg innanfor byggegrensa.

Teknisk drift har gjeve positiv uttale til dispensasjonen på vilkår. Etter ei heilskapleg vurdering finn administrasjonen at det ligg føre klare fordelar som taler for dispensasjon for plassering av mur og oppkjørsel i strid med byggegrense i reguleringsplanen. Dispensasjonen vert gjeve på vilkår av at vilkåra i uttale frå Teknisk drift vert stetta, jf. pbl § 19-2.

Dispensasjon frå utnyttingsgrad og plassering av bustad i strid med reguleringsplanen:

Administrasjonen viser til grunngevinga i dispensasjonssøknaden og legg avgjerande vekt på den i dispensasjonsvurderinga.

Bustaden har ein utnyttingsgrad på 34,6 %, noko som i all hovudsak ligg innanfor utnyttingsgraden for øvrige tomter i feltet. Etter ei heilskapleg vurdering kan ikkje administrasjonen sjå at omsyna bak reguleringsplanen vert skadelidande som følgje av ein dispensasjon. På bakgrunn av dette er vurderinga at

vilkåra i pbl § 1-2 er stetta og det vert gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for plassering/storleik og utnyttingsgrad.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

I innsendte brev motteke her 29.04.2014 er det vist til at forstøtningsmurar inne ved huset vert maks 1 meter høg og meir enn 1 meter frå nabogrense, og at det ikkje trengs spesielle løyve for å byggast.

I forhold til tiltak som er unntatt frå søknadsplikt vert det vist til SAK10 § 4-1 c) bokstav 5, som seier noko om storleik på murar og avstand til nabogrensa. Tiltaket må stetta desse krava for å kunne unntas søknadsplikt.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Vestlandshus Mjelde**, org.nr. 977071003, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Vestlandshus Mjelde**, org.nr. 977071003, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO)** for situasjonsplan og plassering. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **VestlandsHus AS**, org.nr. 927928302, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO)** for arkitektonisk bygningsutforming, energitiltak, godkjente mursystem, våtrom og lufttetthet og teknisk prosjektering av småhus. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Systemair AS**, org.nr. 929387384, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO)** for ventilasjon. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Hjelmås VVS**, org.nr. 988410586, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO)** for sanitærinntallasjoner med tilhøyrande leidningar. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Prosjektering for dette føretaket går ikkje fram av innsendte gjennomføringsplan. Det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan der dette er retta.

Føretaket **Drange Murmesterforretning AS**, org.nr. 977074037, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF)** for membran og fliser våtrom. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Bøe og Bruvik Entreprenørservice AS**, org.nr. 976506367, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF)** for slakkarmert eller uarmert betong.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Ole Markussen og Sønner AS**, org.nr. 969013096, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF)** for grunn- og terrengarbeid. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Varme As**, org.nr. 990561508, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF)** for montering av stålpipe og eldstad. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Innmålingstjenester AS**, org.nr. 979927703, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF)** for innmåling og utstikking av tiltak. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Hjelmås VVS**, org.nr. 988410586, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF)** for sanitærinnstallasjonar med tilhøyrande leidningar. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Bergen og Omland Eiendomstaksering AS**, org.nr. 997891732, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde **kontroll (KTR)** for lufttetthet og våtrom.

Føretaket har erklært å vere juridisk og økonomisk uavhengig det føretaket som utførar arbeidet.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for oppføring av bustad med garasje og tilhøyrande anlegg.

1. Dispensasjon for plassering av mur mot kommunal veg vert gjeve på vilkår av at minste avstand mellom ytterkant mur og grense mot veg er 1,2 meter.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av bustad med garasje og tilhøyrande anlegg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 12.03.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå Teknisk drift datert 26.03.2014.
4. Før bruksløyve vert gjeve må det dokumenterast at eigedommen er tilkoplea offentleg vass- og avløpsanlegg.
5. Det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan der PRO for Hjelmås VVS er ført på.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Vestlandshus Mjelde AS	977071003	S	1	SØK
PRO	Vestlandshus Mjelde AS	977071003	S	1	Situasjonsplan og plassering
	VestlandsHus AS	927928302	S	1	Arkitektonisk bygningsutforming
	VestlandsHus AS	927928302		1	Energiltak og energibruk
	VestlandsHus AS	927928302		1	Mursystemer
	VestlandsHus AS	927928302		1	Våtrom og lufttetthet
	VestlandsHus AS	927928302		1	Teknisk proskjektering småhus
	Systemair AS	929387384	S	1	Ventilasjon
	Hjelmås VVS AS	988410586	S	1	Sanitærinnstallasjonar med tilh. leidningar
UTF					
	Hjelmås VVS AS	988410586	S	1	Sanitærinnstallasjonar med tilh. leidningar
	Drange Murmesterforretning AS	977074037	S	1	Membran og fliser våtrom
	Bøe og Bruvik Entreprenørservice AS	976506367	S	1	Slakkarmert eller uarmert betong
	Varme AS	990561508	S	1	Montering av stålpipen og eldstad
	Vestlandshus Mjelde AS	977071003	S	1	Tømrerarbeid
	Ole Markussen og Sønner AS	969013096	S	1	Grunn- og terrengarbeid
	Innmålingstjenester AS	979927703	S	1	Innmåling og utstikking av tiltak
KTR	Bergen Omland Eiendomstaksering AS	997891732	S	1	Våtrom og lufttetthet

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: [flett inn arkivsak id]

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.

2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
3. Avkjørsle til offentlig veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
4. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.5	Dispensasjon frå plan	2	17.000
10.2.1	Basisgebyr for bustad	1	13.500
10.2.9	Ansvarsrett sentral godkjenning pr. føretak	10	10.000
	Totalt gebyr å betala		40.500

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eivind Sjursen og Linda Hugvik Nedre Alver 25 D 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Vestlandshus Mjelde AS Mjeldalen 5286 HAUS